



**Notat**

Dato: 21.01.2015  
Arkivsak: 2015/417-1  
Saksbehandlar: janvern

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Ny kommunikasjonsstrategi for Hordaland fylkeskommune**

Hordaland fylkeskommune er ein sentral aktør i utviklinga av Hordaland. Kommunikasjonsstrategien skal vere eit styringsverktøy for kommunikasjonsarbeidet i fylkesadministrasjonen, og gje retningslinjer for korleis vi skal arbeide med kommunikasjon i det daglege og i prosjekt.

Hordaland fylkeskommune byggjer kommunikasjonsarbeidet sitt på prinsipp som mellom anna skal sikre at vi er tydelege, forståelege og aktivt kommuniserer om planar og tiltak.

Kommunikasjonsstrategien peikar på seks område det skal satsast på. Desse er internkommunikasjon, mediehandtering, heilsakeleg profiling, bli ein synleg samfunnsaktør, vidareutvikle kanalar som internett og sosiale medium og måle effekten av tiltaka.

Vedlegg  
Kommunikasjonsstrategi 2015-2017